



Solfrid Spurkeland
 SEIMSSTRANDA 56A
 5912 Seim

Referanser:

Dykkar:
 Vår: 22/27 - 22/19613

Saksbehandlar:

Morten Mangerøy Helland
 morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:

09.03.2022

Løyve til seksjonering av gbnr. 173/38 - Alver kommune

Bakgrunn for saken:

Solfrid Spurkeland har som heimelshavar sendt inn søknad om oppdeling av eigedomen gbnr. 173/38 i ei bustadsameiga beståande av totalt 2 seksjonar. Det er søkt om og gitt løyve til oppføring av eit bustadbygg med to bueiningar på eigedomen. Kvar av seksjonane skal ha eksklusivt uteareal som tillegg til seksjonane. Kvar bueining på eigedomen skal etter seksjoneringa utgjere ein eigen bustadseksjon.

Vedtak:

I medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar, vert oppdeling av gbnr. 195/253 i 2 eigarseksjonar godkjent slik det er søkt om. Seksjonane får fylgjande sameigebrøk, føremål og tilleggsareal:

Seksjonsnr.	Sameigebrøk	Føremål	Tilleggsareal
1	1/2	Bustad	BG
2	1/2	Bustad	BG

Saksutredning:
Bygningen:

J.f. situasjonsplan og planteikningar er det ein bustad i to etasjar med ein bueining i kvar etasje. Alle bueiningane/seksjonane har eigen inngang frå sine egne eksklusive uteareal. Kvar av seksjonane har tilgang til nødvendige funksjonar frå eige areal eller felles uteareal.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
 Innbyggjarservice: +47 56 37 50
 00

post@alver.kommune.no
 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
 Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det er avsett tilstrekkeleg areal til parkering.

Det er utarbeid vedtekter for sameige.

Allt uteareal som ikkje er eksklusivt for seksjonane vil vere felles for alle seksjonane i bustadsameige.

Utebod som er vist på planteikningane er felles for seksjonane i sameige.

Oppmålingsforretning:

Det er rekvirert oppmålingsforretning for tilleggsareal i grunn. Det er ønske frå rekvirent at oppmålingsforretninga vert gjennomført som ei kontorforretning utan oppmøte i marka. Landmålar i saka finn at dokumentasjonen som er sendt inn er tilstrekkeleg til å kunne gjennomføre saka som ei kontorforretning. Det vert nytta kart og koordinatar som vart sendt kommunen som vedlegg til rekvisisjon av oppmålingsforretning og søknad om seksjonering ved oppretting av tilleggsareal.

Oppmålingsforretning vart varsla på vanleg måte, og gjennomført som kontorforretning den 11.03.2022.

Faktiske opplysninger:

Søknad om seksjonering er innsendt kommunen og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonkart som viser avgrensing for eigedommen og eksklusivt tilleggsareal for seksjonane.
- Planteikningar som viser seksjonsinndeling.
- Vedtekter for sameige.
- Rekvisisjon av oppmålingsforretning.
- Kopi av løyve
- Kopi av vegrett
- Matrikkelbrev

Vurderinger:

Sakshandsamar finn at seksjoneringsøknaden både samla og for dei enkelte seksjonane oppfyller krava i lov om eigarseksjonar, og tilrår å godkjenne seksjonering slik omsøkt.

Vidare saksgang:

Vedtaket vert sendt rekvirent med rett til klage jf. Forvaltningslova. Saka vert matrikkelført og faktura for sakshandsaming og tinglysing vert sendt heimelshavar. Saksdokumenta saman med melding til tinglysing vert sendt kartverket når klagefristen på 3 veker er ute. Ved retur av tinglyst dokument frå kartverket vert matrikkelbrev for eigedommen etter seksjonering med saksdokumenta sendt rekvirent.

Klage:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommunelova §23 nr.4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (Fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. Fvl. §28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gylding, eller krav om erstatning må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Fvl, §27b.

Gebyr:

Heimelshavar ber kostnad med sakshandsamingsgebyr for seksjoneringssaka etter gjeldande regulativ og dekker kostnad knytt til tinglysing av saka.

Med helsing
Alver kommune Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan
Søknad om seksjonering
Utendørs tilleggsareal
Vedtekter for sameige
Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

Mottakarar:

Solfriid Spurkeland

SEIMSSTRANDA 5912
56A

Seim